



Møteprotokoll

Utval:	Eidfjord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen
Dato:	05.12.2024
Tid:	09:00 - 12:30

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Ove Tveit	Leiar	H
Trygve Solberg	Nestleiar	SV
Haldis Myrvang Rieber	Medlem	AP
Atle Myklatun	Medlem	H
Liv Myklatun	Medlem	SP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Kjartan Haugsnes, seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Timo Knoch, ordførar
Magnus Steigedal, rådmann (Til PS 33 og 34/24)
Arne Bu, einingsleiar drift (Til PS 33 og 34/24)
Knut Ingar Myklatun, økonomisjef (Til PS 33 og 34/24)
Tommy Aarethun, forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS

Kjell Ove Tveit
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 8/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 9/24	Godkjenning av protokoll frå møte 10.10.2024	2023/449	
	Politiske saker		
PS 33/24	Orientering frå rådmann, oppfølging av spørsmål frå kontrollutvalet sitt møte 23.05.2024	2023/450	
PS 34/24	Orientering frå rådmann, spørsmål knytt til reinseanlegg Sysendalen og VA tilknytting.	2023/450	
PS 35/24	Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune.	2024/121	
PS 36/24	Prosjektplan forvaltningsrevisjon sjølvkost vatn og avlaup	2024/142	
PS 37/24	Bestilling av prosjektplan eigarskapskontroll	2024/63	
PS 38/24	Møteplan for kontrollutvalet 2025	2024/19	
	Referat saker		
RS 17/24	NKRFs kontrollutvalskonferanse 2025.	2023/450	
RS 18/24	Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringer fra kommunedirektøren	2023/463	
RS 19/24	Årsmelding 2023-2024 Mobbeombodet i Vestland	2023/450	
	Politiske saker		
PS 39/24	Eventuelt	2023/450	

GK 8/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 9/24 Godkjenning av protokoll frå møte 10.10.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 10.10.2024 vert godkjent.

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 10.10.2024

Vedtak:

Protokoll frå møte 10.10.2024 vart godkjent.

PS 33/24 Orientering frå rådmann, oppfølging av spørsmål frå kontrollutvalet sitt møte 23.05.2024

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Magnus Steigedal orienterte.

- Brannvarsling sendt ut som på entreprise i haust. Kun ein tilbydar og godt over budsjett. Prosjektet vert lyst ut på nytt i januar 2025 med håp om fleire tilbydarar og at nytt brannvarslingsanlegg kan kome på plass i mai 2025.

- Høg aktivitet i økonomiplan, ventilasjon lagt inn i slutten av økonomiplanperioden. Ventilasjon i kommunehusdelen vart bytt for omlag 15 år sidan. Ventilasjon i helsehusdelen må sjåast i samanheng med rehabilitering av helsehusdelen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 34/24 Orientering frå rådmann, spørsmål knytt til reinseanlegg Sysendalen og VA tilknytning.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalsleiar orienterte om bakgrunnen for spørsmåla:

1. Stopp i tilknytning av VA i Sysendalen – årsak & virkning for aktivitet i Eidfjord / Sysendalen?
2. Prosjekt status og framdrifts plan gjennomgang - Nytt Renseanlegg i Sysendalen

Rådmann Magnus Steigedal og einingsleiar drift Arne Bu orienterte

- Status på prosjektet i dag. Prosjektfase som er godkjent går no fram til juli 2027.
 - Når prosjektet no skal på anbod er ein spent på pris/kostnad.
 - Innsendt klagesak til miljødirektoratet - kommunen fekk svar 11.10.2024 med tilknytingsstopp. Gjev kommunen større tidspress.
 - Utfordrande å få firma til å levere pris på anlegget.
-
- Er det gjort eit val av konsept for renseanlegget?
 - Er tidsplan fram mot juli 2027 realistisk? Dette vart svart ja på.

- Motsegn frå Statens Vegvesen på veg forseinka prosjektet
 - VA plan er klar. Bygget er ikkje godkjent pr. i dag.
 - Driftsovervåking i VA saman med Ulvik.
 - Liseth og Maurset er med i totalpris.
 - Prosjektleiing - her vert det gjort i samsvar med rammeavtale i tillegg til eigen organisasjon.
- Det er i dag to avgiftsområder er det plan for å slå desse saman?
- Det er ikkje planar om det pr. idag, men det er mogleg for kommunestyret å gjere om på dette når som helst.

Kommunestyret har oppretta eit politisk temautval og for renseanlegg Sysendalen.

Etter sams drøfting i utvalet vart følgjande nytt punkt 2 samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet ber rådmann orientere utvalet i neste møte omkring VA problematikk knytt til Fossatromma. Store deler av avløp vil komme frå Fossatromma inn i nytt renseanlegg. Kva er status i høve avtalar om dette inkludert kostnadsfordeling? Var dette tema når nytt turiststopp vart etablert her?

Vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmann orientere utvalet i neste møte omkring VA problematikk knytt til Fossatromma. Store deler av avløp vil komme frå Fossatromma inn i nytt renseanlegg. Kva er status i høve avtalar om dette inkludert kostnadsfordeling. Var dette tema når nytt turiststopp vart etablert her?

PS 35/24 Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Tommy Aarethun vedrørende om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Tommy Aarethun frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Tommy Aarethun vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Eidfjord kommune, til etterretning.

PS 36/24 Prosjektplan forvaltningsrevisjon sjølvkost vatn og avlaup

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan sjølvkost vatn og avlaup i Eidfjord kommune frå Vestlandsrevisjon IKS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 20.01.25 Dersom korrigeringar, har kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan inkludert presentasjon i kommunestyret.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Vestlandsrevisjon IKS si side innan 20.08.2026, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Tommy Aarethun frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte om prosjektplanen.

- orienterte om forslag til tid og tidsbruk.
- Gjekk gjennom problemstillingar og føremål.
- Revisor vil legge fram framdriftsplan i første møtet i 2025
- Det vert lagt opp til milepælsorienteringar i kvart møte i kontrollutvalet.
- Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke og utvalet tek ut forslag pkt. 2 i innstillinga.

Sekretariatet orienterte kort om timar og timebruk i høve avtale med Vestlandsrevisjon IKS. Kontrollutvalet i Eidfjord har brukt 140 timar i 2024.

Ordførar stilte spørsmål knytt til habilitet for utvalsmedlemmene i høve prosjekt. Er habilitetsspørsmålet vore diskutert?

Habilitetsspørsmålet vart diskutert og kontrollutvalet fann alle medlemmene habile til å bestille forvaltningsrevisjon som beskrive i prosjektplan.

Forslag til vedtak med endring i høve pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan sjølvkost vatn og avlaup i Eidfjord kommune frå Vestlandsrevisjon IKS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan inkludert presentasjon i kommunestyret.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Vestlandsrevisjon IKS si side innan 20.08.2026, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 37/24 Bestilling av prosjektplan eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført eigarskapskontroll av Hardangervidda Natursenter AS
2. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 20.01.2025, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i første møte 2025.

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Tommy Aarethun frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte

Endring i forslag til vedtak i pkt. 1 "Norsk natursenter AS"

Utvalet kom med slike stikkord:

- Føremål med selskapet
- Økonomi
- Eigarstyring og eigarstrategi?

- Eigarar av utstillingane?

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Forslag til vedtak

- 1.
- 2.
- 3.

PS 38/24 Møteplan for kontrollutvalet 2025

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2025.

Februar	April	Mai	Oktober	Desember
20.	(10. reserve)	29.	9.	4.

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter sams drøfting vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Møteplan for kontrollutvalet 2025:

- 12. februar
- 10. april
- 26. mai
- 9. oktober
- 4. desember

Vedtak:

Møteplan for kontrollutvalet 2025:

12. februar
10. april
26. mai
9. oktober
4. desember

RS 17/24 NKRFs kontrollutvalgskonferanse 2025.

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 18/24 Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringer fra kommunedirektøren

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 19/24 Årsmelding 2023-2024 Mobbeombodet i Vestland

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

PS 39/24 Eventuelt**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 05.12.2024 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Ei sak vart diskutert i utvalet.

Byggmester Markus AS har / er i ferd med å få tilslag på entreprise på tilbygg på skule / samfunns hus i Eidfjord. BT kunne melde at Byggmester Markhus AS fekk konkursbeskyttelse for ei veke sidan.

Ordførar stadfesta at dette vil det verte orientert om i neste kommunestyremøte.

Vedtak:

Ingen vedtak vart gjort.